

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 15. juni 2017, kl. 20.00

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Einar Hoel, Ida Kristoffersen Rem, Liv Marit Indreeide, Kenneth Hovden, Harald Vestre, Jan Ole Fuglem, Børge Heggen Johansen, Monica Henden

Fråverande: Richard Moen

Sak 19/17 Informasjon frå gruppene

Trimgruppa: Alt går sin vante gang.

Friidrett: Friidrettscupar vert gjennomført, god oppslutning. Deltaking i ein del gateløp, motbakkeløp

Fotballgruppa: Stor turnering gjennomført. Gjekk som planlagd. God planlegging viktig. Mange var i sving for å få avvikla. Gode tilbakemeldingar. G16 lag til Norway cup. Tine fotballskule i august. Valldal uttrekt (?)/utvald til å få ekstra utstyrspakke til deltakarane

Disksport:

Skigruppa: Tildelt Midt-Norsk mesterskap langrenn 2018, klasse 13-16 år. Ventar ca 200 deltagarar. Lite aktivitet, fellestreningskampar frå september. Samling i Markane.

Styret: Årsmøte i Norddal idrettsråd, Anders Rem held fram i styret der. Tildelt spelemedlar til kunstgras, full uttelling som omsøkt med kr 1.391.000. I tillegg mva kompensasjon av all betalt mva. ca kr 725.000. Når desse beløpa er utbetalt vert lånet i banken innfridd. Ikkje spelemedlar til lysløypeomlegging og skileik i år. Ny søknad til neste år. Stadion og klubbhushus m/utstyr er utleigd til Valldal skulekorps sitt korpstemne 23.-25. juni. Måling av klubbhushus utvendig i gang, utrygt ver gjer det vanskeleg å planlegge. Innleige av stillas frå valldal Bygdeservice. Tatt jordprøvar av Valldal stadion. Harald Gjedrem førespurd om å lage ein sprøyte- og gjødselplan. Mefjellet opp og Olsok, planlegging, mykje er avklara

- 20/17 Forsikring**
- Har henta inn tilbud frå tre forskjellige forsikringsselskap – IF, Gjensidige og Eika.**
Betaler i dag over 50 000 i forsikring til IF. Styret går for tilbodet frå Gjensidige, kr 39 214,-
- 21/17 Oppgradering av salen på klubbhuset**
- Planen er nytt golv, lys, måling av veggar, akustikk. Fått tilbod på lys frå leverandør, tilbodet er tidsbegrensa til juli. Sjå heile prosjektet under eitt. Blir ikkje aktuelt å begynne før ut på hausten, må ikkje forhaste oss, ta igjen over sommaren . Nedsette ei arb.gruppe som ser litt på kva som skal gjerast, innhente prisar o.l. Arb.gruppa blir denne: Anders Rem, Torgeir Sunde og Monica Henden.
- 22/17 Traktor – utstyr**
- Oppfølging frå sist møte, leige eller eige. Alternativet til å kjøpe sjølv er å leige teneste med Øyvind Hoel som har plana om å gå til innkjøp av ein slik traktor. Idrettslaget kjøper i tilfelle skjær sjølv. Tek igjen saka til hausten.
- 23/17 100 års jubileum i 2019**
- Valldal IL feirar 100 år i løpet av 2019 – rettare sagt 18.11.2017. Dette bør markerast. Tida går fort, bør begynne å tenkje litt omkring dette allereie no – ei markering, eller fleire arrangement gjennom året? Bør det gjevast ut eit jubileumsskrift? Bør setje ned ei nemnd som ser litt på dette.
- Konklusjon: Ei markering gjennom heile året (eit markeringsår), jubileumsskrift av eitt eller anna slag, nedsett ei nemnd som jobbar vidare med dette. Denne nemnda treng ikkje nødvendigvis vere medlemmar i styret. Tenkje ut kven dette kan vere.
- 24/17 Møteplan 2.halvår 2017**
7. september 2017
12. oktober 2017

23. november 2017

25/17

Andre saker som kan kome til

Politiattest. Einar Hoel er ansvarleg for politiattestane. Treng ei oversikt (register) over kven som har lagt fram, når den går ut, og må fornyast. Må samlast. Om ein person er engasjert i ulike samanhengar, bør vere nok å søkje ein gong. Gyldig i 3 år.

Konklusjon: Når dei ulike gruppene har oversikt med namn og nr, sende over til Einar som vil lage ei oversikt/register.

Beachflagg: Laget kjøper inn flagg for bruk på eigne arrangement og når laget er ute t.d. på større skirenn, fotballturneringar mm

Møtet slutt kl. 22.30

Liv Marit Indreeide

-referent